

Tarminvaginasion hjå barn i Hordaland fylke 1983-92

ARTIKKEL

EIKESET K

MARKESTAD T

Sammendrag

I Hordaland vart førekomst av invaginasion samanlikna for Bergen, der 45% vart innlagt av barnelege, og resten av fylket, der 18% vart innlagt av barnelege. Diagnose og forløp vart samanlikna for barn innlagt av barnelege og allmennpraktikar.

I perioden 1983-92 fekk 142 barn i alderen 0-14 år diagnosen invaginasion basert på røntgenundersøking av colon (139 barn) eller kirurgi (tre barn). Det var ingen signifikant forskjell i førekomst mellom Bergen og fylket for øvrig (1,8 mot 1,4 per 1000 barn per år, $p = 0,3$). Barnelege stilte oftare riktig innleggingsdiagnose enn allmennpraktikar (70% mot 42%, $p = 0,003$), men det var ingen signifikante forskjellar i alder på barnet (median åtte månader for begge), lengd på symptom (median 12 mot 24 timer), typar symptom eller del som trong kirurgisk behandling (58% mot 59%).

Lik førekomst i Bergen og resten av fylket kan tyde på at spontan remisjon av invaginasion ikkje er vanleg. Barnelegane tilviste oftare barna med riktig diagnose, men resultata viser at allmennpraktikarane i like stor grad gjenkjende at sjukdomsbiletet kravde innlegging.

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no